

Adresseliste

Høyring Innspel om endringar i rutetilbodet med ekspressbåtane Sogn–Bergen

Sogn regionråd og Visit Sognefjord har arbeidd med ulike planar for å styrke trafikkgrunnlaget på ekspressbåtane på Sognefjorden samt tilpasse dei betre til reiselivet.

Som ein del av dette har dei fått utarbeidd ein rapport som skisserer ulike tiltak.

Tiltaka går blant anna ut på:

Ekspressbåten Sogndal – Bergen (Sognebåten)

- Flytte endestoppen frå Sogndal til Flåm
 - Heile eller delar av året

Ekspressbåten Bergen - Flåm

- Utvide skuldersesongen med ein måned i kvar retning (april – oktober)

Sogn og Fjordane fylkeskommune driv desse rutene i dag med Norled som operatør. Fylkeskommunen vil greie ut aktuelle tiltak og leggje fram politisk sak før sommaren. Som ein del av saksførebuinga ynskjer fylkeskommunen å høyre kva kommunane langs Sognefjorden meiner om dei tiltaka som er skissert i rapporten.

Høyringsfrist er sett til 28. april 2017.

Med helsing

Dina Lefdal
direktør for samferdsle

Inge Horstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Rapport frå Reiselivsrådgeving AS på oppdrag frå Sogn regionråd
Utgreiing om endringar i rutetilbodet for Sognebåten 28/8-2016
2. Sogn regionråd sin presentasjon på politikardag 26. september 2016
3. Sogn regionråd sin presentasjon 22. november for hovudutvala i fylkeskommunen

Mottakarar

Gulen Kommune
Solund kommune
Hyllestad kommune
Fjaler kommune
Høyanger kommune
Vik kommune
Balestrand kommune
Sogndal kommune
Luster kommune
Årdal kommune
Lærdal kommune
Aurland kommune